



Vestfold  
og Telemark  
revisjon

# Anskaffingar

Forvaltningsrevisjon | Vinje kommune

# Innhald

<b>Samandrag .....</b>	<b>3</b>
<b>1. Innleiing.....</b>	<b>5</b>
1.1.    Kontrollutvalet si bestilling .....	5
1.2.    Problemstilling og revisjonskriterium.....	5
1.3.    Metode og kvalitetssikring .....	5
1.4.    Rådmannen si fråsegn .....	6
<b>2. Organisasjon, strategi, rutinar og tiltak .....</b>	<b>7</b>
2.1.    Revisjonskriterium .....	7
2.2.    Organisering, strategi og rutinar .....	8
2.3.    Revisor si vurdering.....	15
<b>3. Bruk av rammeavtalar .....</b>	<b>17</b>
3.1.    Revisjonskriterium .....	17
3.2.    Rammeavtalar - data .....	18
3.3.    Revisor si vurdering av bruk av rammeavtalar .....	24
<b>4. Gjennomføring av innkjøp .....</b>	<b>26</b>
4.1.    Revisjonskriterium .....	26
4.2.    Gjennomføring av innkjøp - data .....	29
4.3.    Revisor si vurdering.....	36
<b>5. Konklusjonar og tilrådingar .....</b>	<b>38</b>
5.1.    Konklusjonar.....	38
5.2.    Tilrådingar .....	39
<b>Litteratur og kjeldereferansar .....</b>	<b>40</b>
<b>Vedlegg.....</b>	<b>41</b>
Vedlegg 1: Rådmannen si fråsegn.....	41
Vedlegg 2: Metode og kvalitetssikring .....	42

## Samandrag

I denne forvaltningsrevisjonen har vi sett på om Vinje kommune sikrar at anskaffingar skjer samsvar med reglane om offentlege anskaffingar.

Vi har sett på:

- organisering av innkjøpsarbeidet, innkjøpsstrategiar og innkjøpssamarbeid
- kommunen sine rutinar og tiltak for sikre at anskaffingsreglane blir følgde
- om kommunen brukar rammeavtalene sine når dei gjer anskaffingar
- om anskaffingar blir gjort i samsvar med gjeldande regelverk og rutinar

**Vår konklusjon er at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar at innkjøp skjer i samsvar med reglane om offentlege avskaffingar.**

### Organisering

Kommunen deltek i Telemark innkjøpssamarbeid som gjer anskaffingar av større rammeavtalar for deltakarkommunane. Andre innkjøp og anskaffingar skjer i regi av kommunen sjølv.

Kommunens økonomireglement klargjer roller og ansvar for tilsette som er involverte i innkjøp. Det ligg føre oversikter over kven som har attestasjons- og tilvisingsmynde på dei ulike ansvarsområda. Rådmannen har peika ut ein person som innkjøpsansvarleg i kommunen.

Kommunen har vedtatt innkjøpsreglement og -strategi som sett overordna mål for kommunen sine innkjøp.

### Rutinar og tiltak

Kommunen har i liten grad hatt systematisk opplæring i reglane om offentlege anskaffingar. Vår undersøking viser at tilsette melder behov for slik opplæring. Vi meiner kommunen bør sørge for at alle som gjer innkjøp og anskaffingar har grunnleggande kompetanse om anskaffingsreglane. Vidare at alle kjenner til kvar dei finn relevant informasjon og/eller kvar dei kan få råd og rettleiing.

Både kommunen og Telemark innkjøpssamarbeid har laga rutinar og sjekklister for å gjere innkjøp i tråd med regelverket. Vidare er det lenkar til nettstader der ein finn meir omfattande og detaljert informasjon. Etter vår vurdering har kommunen lagt til rette for at reglane og eige reglement blir følgd. Det er likevel ei føresetnad at rutinar og sjekklister er kjende og blir brukt. Vår undersøking indikerer at ikkje alle er like kjende med informasjonen og verktøya som ligg føre.

### Rammeavtalar

Det ligg samla oversikt over rammeavtalane som er inngått i Telemark innkjøpssamarbeid på deira nettside. Kommune har lenke til innkjøpssamarbeidet si nettside i Compilo, og tilsette har tilgang til avtalane. Ikkje alle tilsette har klart for seg om det er inngått rammeavtalar som er aktuelle for deira innkjøp. Kommunen bør sørge for at alle kjenner til avtalane.

Kommunen bør også vurdere å lage ei oversikt over andre avtalar, slik at det er lett for tilsette å sjå om det ligg føre avtale på det området dei gjer innkjøp.

Vinje kommune har i liten grad arbeidd systematisk for å sjå til at rammeavtalane blir følgde.

Vi har undersøkt eit utval av kommunen sine rammeavtalar. På dei områda vi har undersøkt meiner vi kommunen i all hovudsak har følgd dei inngåtte rammeavtalane.

Kommunen har sjølv peika på eitt område der verksemder/einingar i kommune ikkje har følgd avtalane. Det gjeld kjøp av vikartenester innfor helse og meistring, kor det var store avvik. Brot på rammeavtalar utgjer risiko for tvist med leverandørar, omdømmetap og ikkje minst økonomisk tap.

Dersom kommunen kjøper inn ein bestemt type vare/varegruppe eller teneste frå ein og same leverandør, og dette i løpet av året utgjer ein samla verdi på over kr 100 000, vil det vere omfatta lov om offentlege anskaffingar. Kommunen har ved fleire høve gjort slike kjøp i løpet av dei siste åra utan å ha rammeavtalar. Kommunen bør sørge for å etablere rammeavtalar der det er påkravd.

Kommunen har også nokre rammeavtalar som ikkje er tidsavgrensa. Normalt kan ein avtale ikkje vare i meir enn fire år.

### **Enkeltanskaffingar**

Vi har undersøkt utplukk av nokre enkeltanskaffingar i kommunalområdet teknisk, drift og infrastruktur. I all hovudsak er disse gjennomførde i tråd med reglane om offentlege anskaffingar.

Anskaffingane er kunngjorde og rett prosedyre er følgd. Det er stilt krav om skatteattestar og krav til løns- og arbeidsvilkår.

Konkurransesgrunnlaga inneheld tildelingskriteriar. Lov om anskaffingar legg vekt på å stille miljøkrav i anskaffingar. Vi meiner kommunen bør vurderer å nytte miljø som tildelingskriterium i større bygge- og anleggskontraktar.

### **Tilrådingar**

Vi rår kommunen til å sørge for at

- tilsette har naudsynt kunnskap om anskaffingsregelverk, aktuelle rutinar og verktøy
- inngåtte rammeavtaler blir nytta
- det blir inngått rammeavtaler der det er naudsynt

Skien 14.02.2024

# 1. Innleiing

## 1.1. Kontrollutvalet si bestilling

Forvaltningsrevisjonen er bestilt av kontrollutvalet i Vinje kommune i sak 12/23 Bakgrunnen for bestillinga er kommunen sin plan for forvaltningsrevisjon.

Reglane om forvaltningsrevisjon står i kommunelova § 23-2, første ledd bokstav c, jf. § 23-3 og § 24-2 og i forskrift om kontrollutval og revisjon.

## 1.2. Problemstilling og revisjonskriterium

**Sikrar Vinje kommune at anskaffingar skjer samsvar med reglane om offentlege anskaffingar? Vi vil mellom anna sjå på:**

- **organisering av innkjøpsarbeidet, innkjøpsstrategiar og innkjøpssamarbeid**
- **kommunen sine rutinar og tiltak for sikre at anskaffingsreglane blir følgde**
- **om kommunen brukar rammeavtalene sine når dei gjer anskaffingar**
- **om anskaffingar blir gjort i samsvar med gjeldande regelverk og rutinar**

Revisjonskriteria<sup>1</sup> i denne forvaltningsrevisjonen er primært henta frå lov og forskrift om offentlege anskaffingar, forsyningsforskrifta og frå forskrift og løns- og arbeidsvilkår og dessutan frå kommunelova. Kriteria går fram under kvar problemstilling.

## 1.3. Metode og kvalitetssikring

Denne forvaltningsrevisjonen er gjennomført av forvaltningsrevisor Dag Oftung. Bente Hegg Ljøsterød har vore oppdragsansvarleg.

Vi har gjennomgått relevant skriftleg dokumentasjon frå kommunen, i form av mellom anna rutinar og prosedyrar. Vi har også fått informasjon pr e-post og telefon frå tilsette i kommunen, og frå Telemark Innkjøpssamarbeid.

Vi gjennomgått ni innkjøp/anskaffingar i perioden 2020-2023. Vidare har vi undersøkt lojalitet til rammeavtalar kommunen har inngått. Vi nytta her rekneskapstal for å sjå om leverandørar med rammeavtale vert nytta.

Vi ha gjennomført ei spørjeundersøking hjå tilsette med attestasjons og/eller tilvisingsmynde. Det var 68 personar som fekk undersøkinga og av dei var det 41 som svarte.

---

<sup>1</sup> Det skal alltid vere revisjonskriterium i forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 15 og RSK 001. Revisjonskriterium er dei reglar og normer som gjeld på det området vi skal undersøke. Revisjonskriteria er grunnlaget for revisor sine analysar, vurderingar og konklusjonar.

Det står meir om metode og tiltak for kvalitetssikring i vedlegg 2 til rapporten.

#### **1.4. Rådmannen si fråsegn**

Rapporten er presentert for administrasjonen i kommunen, og sendt til uttale 31.01. 2024, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 14. Fråsegna har ikkje ført til endring i rapporten.

Rådmannen si fråsegn ligg i vedlegg 1.

## 2. Organisasjon, strategi, rutinar og tiltak

### 2.1. Revisjonskriterium

Lov om offentlige anskaffelser (anskaffingslova eller LOA) skal fremme effektiv bruk av ressursane i samfunnet, og bidra til at det offentlege opptre med integritet, slik at allmenta har tillit til at offentlege innkjøp skjer på ein samfunnstenleg måte, jf. anskaffingslova § 1.

Lova gjeld når statlege, kommunale eller fylkeskommunale myndigheiter inngår vare-, teneste eller bygge- og anleggskontraktar med ein anslått verdi som er lik eller overstig kr 100 000 ekskl. meirverdiavgift.

Dei grunnleggande prinsippa for offentlege innkjøp finn vi i anskaffingslova § 4. Oppdragsgjevar skal opptre i samsvar med grunnleggande prinsipp om *konkurranse, likebehandling, føreseielege forhold, etterprøvd barheit og proporsjonalitet*.

Det følgjer av kommunelova § 25-1 at kommunedirektøren skal ha internkontroll med verksemda til administrasjonen for å sikre at lover og forskrifter vert følgde. Dette inneber mellom anna at kommunedirektøren må ha kontroll med at innkjøpsreglane vert følgde. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa verksemdas storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

KS har utarbeidd ein rettleiar om kommunedirektøren sin internkontroll – *Orden i eget hus*.<sup>2</sup> Rettleiaren seier at det er viktig å utarbeide styringsdokument og etablere rutinar og system for å sikre at organisasjonen når dei måla som er sette. For å oppnå dette er det avgjerande at styringsdokument, rutinar og system er gjort kjent for dei det gjeld.

Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) har rettleiingar om innkjøpsstrategi og om roller og ansvar innanfor innkjøpsarbeidet. DFØ sin rettleiar for internkontroll på innkjøpsområdet listar opp fleire viktige tiltak, mellom anna etablering av innkjøpsstrategi, rolle- og ansvarsdeling, fullmaktssystem, retningslinjer for ulike typar innkjøp, rutinar for oppfølging og nødvendig opplæring. Innkjøpsstrategien skal legge til rette for strategisk leiing og vise overordna vegval og satsingar i organisasjonen.<sup>3</sup>

På dette grunnlaget har vi utleia følgjande revisjonskriterium:

- **Ansvar og rollar på innkjøpsområdet skal vere tydeleg definert**
- **Kommunen bør ha ein strategi for innkjøpa sine**
- **Kommunen skal ha tilgjengeleg kompetanse i innkjøpsområdet**

---

<sup>2</sup> KS rettleiar: *Orden i eget hus*, ISBN 978-82-93100-56-0

<sup>3</sup> <https://anskaffelser.no/innkjopsledelse/anskaffelsesstrategi>

- **Kommunen skal ha rutinar for å sikra at innkjøp skjer i samsvar med reglane for offentlege innkjøp**

## 2.2. Organisering, strategi og rutinar

### Telemark Innkjøpssamarbeid

Vinje deltek i Telemark innkjøpssamarbeid<sup>4</sup> (TIS) saman med kommunane Kviteseid, Nissedal, Nome, Midt-Telemark, Seljord og Tokke. TIS er ei fageining for offentlege innkjøp, og koordinerer felles rammeavtalar for samarbeidskommunane i samsvar med vedteke årshjul.

Ved gjennomføring av felles innkjøp for fleire kommunar, har vertskommunen (Midt-Telemark) mynde til ta avgjersler og fullmakt til å signere kontraktar på vegne av samarbeidskommunane.

TIS kan også gje råd eller gjennomføre konkurransar for enkeltkommunar om kapasiteten tillét det. Slike oppdrag vert fakturert særskilt. Det følgjer av samarbeidsavtalen for innkjøpssamarbeidet at entreprisekontraktar og IKT-systeminnkjøp fell utanfor føremålet til samarbeidet. Innkjøps-samarbeidet er difor lite involvert i større anskaffingar innanfor til dømes teknisk sektor.

TIS har hatt ein prosjektstilling<sup>5</sup> som har jobba med miljø- og klimakrav i anskaffingar, og det har mellom anna vere fokus på slike krav i anskaffingar innanfor teknisk sektor. TIS har utarbeidd ei sjekklister for miljø- og klimakrav for teknisk sektor. Prosjektet vart avslutta 15 desember 2023.

TIS har også hatt ein 40% prosjektstilling iht. avtale- og kontrakts forvaltning frå januar i 2023. Med bakgrunn i ein vakanse i ein anna stilling har vedkommande jobba 60% stilling.

### Ansvar og roller i kommunen

Kommunen har slik overordna organisering:

---

<sup>4</sup> Telemark Innkjøpssamarbeid er organisert som eit kommunalt oppgåvefellesskap som vart oppretta 1. januar 2020. Midt-Telemark kommune er vertskommune.

<sup>5</sup> Miljødirektoratets Klimasats-prosjekt





Det går fram av kommunen sitt innkjøpsreglementet/strategi (felles med dei andre kommunane i TIS) at rådmannen pliktar å sjå til at innkjøp skjer i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer, samt vilkåra i den enkelte kontrakt. Mynde til å gjere vedtak og fullmakt til å gjere innkjøp følgjer delegasjonsreglementet i kvar enkelt kommune.

Rådmannen har peika ut ein person på økonomiavdelinga til å vere innkjøpsansvarleg. I kommunen sitt internkontrollsystem, Compilo, står dette om oppgåvene til innkjøpsansvarleg:

#### **Oppgåver til innkjøpsansvarleg:**

1. Kontaktperson for kommunen inn mot innkjøpsamarbeidet TIS (Telemark Innkjøps Samarbeid)
2. Sender relevant informasjon i høve innkjøp og innkjøpsavtaler ut til tenesteområda
3. Sender ut tilbud om deltaking på nye rammeavtaler, tilslutningserklæringar og tilbodsgrunnlag til relevante tenesteområde
4. Sender ut spørjeundersøkingar til tenesteområda - for uttale/samarbeid om svar

Informasjon om gjeldande avtaler framforhandla av TIS kan ein finne her:

<https://midt-telemark.kommune.no/telemark-innkjopssamarbeid>

Personar med attestasjons- og tilvisingsmynde er sentrale i høve til innkjøpa i kommunen. Dei har mynde til å gjere innkjøp på vegner av kommunen, og følgjer opp fakturaer knytt til innkjøpa.

I Vinje kommune sitt økonomi og finansreglement er kapittel 4 via kjøp og sal av varer og tenester, attestasjon og tilvising. Her finn vi følgjande:

### **§ 3 Delegasjonsoversikt**

Til ei kvar tid skal det føreliggje ein oppdatert dokumentasjon/oversikt hjå rådmannen og PØB over kven som har delegert tilvisings- og attestasjonsmynde, og kven som er vikar ved ferie/fråvær.

Vi har fått tilsendt oversiktene over attestantar og tilvisarar som ligg i kommunen sitt økonomisystem Agresso. Det er i alt 68 personar.

Vi har gjennomført ei spørjeundersøking hjå tilsette med attestasjons- og/eller tilvisingsmynde i kommunen. Av dei 68 som fekk undersøkinga var det 41<sup>6</sup> som svarte. Det gir ein svarprosent på 59 (meir om undersøkinga i vedlegg 2 metode).

I spørjeundersøkinga fekk respondentane spørsmål om dei kjenner til kven som er kommunen sin innkjøpsansvarleg (kontaktperson i høve til innkjøp/anskaffingar). Her svarar 34 av 40 at dei kjenner til det.

Dei som kjende til innkjøpsansvarleg fekk spørsmål om dei i løpet av det siste året hadde søkt råd/retteleing frå vedkommande. Det gav slik svarfordeling:

Tabell 1 Svarfordeling på spørsmål om ein i løpet av det siste året har søkt råd/retteleing frå kontaktpersonen for innkjøp. Tal på personar og prosent.

	Ja, ein eller to gonger	Ja, fleire enn to gonger	Nei
Tal på personar	19	6	9
Prosent	56 %	17 %	27 %

N= 34

### Innkjøpsreglement og -strategi

Det er laga innkjøpsreglement og innkjøpsstrategi som er felles for alle kommunane som deltek i TIS. Vinje vedtok innkjøpsreglementet/strategien i kommunestyresak 102/20. Ifølgje leiar i innkjøpssamarbeidet skal reglementet/strategien reviderast i inneverande kommunestyreperiode.

Innleiingsvis i reglementet står det:

*Reglementet er eit overordna dokument som omhandlar føringar for alle slags innkjøp til kommunane - for å sikre ein samla og profesjonell innkjøpsprosess. Både innkjøp av varer, tenestar og bygg/anlegg er omfatta av reglementet. Innkjøpsreglementet er eit tillegg til dei reglar og krav som fylgjer av lov og forskrifter, og er ikkje uttømmende i høve til kommunanes plikter og ansvar ved gjennomføring av innkjøp.*

I strategien er det fastsett følgjande mål for kommunen sine innkjøp:

- *Kommunane skal sjå etter at alle innkjøp vert gjennomført i samsvar med gjeldande lover, forskrifter, innkjøpsreglementet og administrative rutinar*

<sup>6</sup> Ikkje alle 41 svara på alle spørsmåla

- *Kommunane skal sjå etter at alle innkjøp vert gjennomført i samsvar med dei krav som gjeld til miljø og samfunnsansvar*
- *Kommunane skal gjennom sine innkjøp få dekt sine reelle behov til rett kvalitet og pris og til rett tid.*
- *Felles rammeavtaler og samordna innkjøp skal gje betre prisar, betre vilkår og meir effektive og profesjonelle innkjøpsprosessar.*
- *Kommunen skal gjennom sine innkjøp bidra til konkurranse og utvikling av lokalt næringsliv, og legge til rette for at lokale leverandørar kan delta i utlyste konkurransar så langt lover og reglar gir høve til.*
- *Dei grunnleggande prinsippa for offentleg innkjøp bør også følgast for innkjøp under kr 100 000, for å sikre konkurranse og for at alle leverandørar skal handsamast likt.*

I innkjøpsreglementet/strategien er det vidare gitt føringar for:

- korleis kommunen skal ivareta samfunnsansvar ved innkjøp
  - Telemarksmodellen ligg som vedlegg til reglementet, og modellen skal nyttast i alle bygg- og anleggskontraktar. Føremålet med modellen er motarbeide svart arbeid og sosial dumping
- innkjøpsprosessen
  - avklare behov og planlegge innkjøp
  - gjennomføring av konkurranse
  - oppfølging av kontraktar
- konkurranseprofil
  - formulering av krav
  - tildelingskriterium
  - leverandørstrategi
- risikoprofil

### **Kompetanse**

Innkjøpsreglementet/strategien seier at kommundirektør må sjå til at tilsette som gjer innkjøp på vegne av kommunen, set seg grundig inn i gjeldande regelverk og at dei utfører innkjøpsarbeidet i samsvar med dette. Det går fram av reglementet/strategien at TIS, i samarbeid med kommunane, har ansvar for å arrangere kurs om offentlege innkjøp ved behov.

Frå innkjøpsansvarleg i kommune får vi opplyst at kommunen ikkje har arrangert opplæring for tilsette i løpet av dei to siste åra.

Leiar i innkjøpssamarbeidet opplyser at det ved inngåing av nye rammeavtar alltid blir gjennomført oppstartsmøte med nøkkelpersonar ute i kommunane. I oppstartsmøta går ein igjennom vilkår i avtalen som er relevante for kommunen/den som gjer avrop. TIS har gitt tilbod om

opplæring ut over dette til alle kommunane, men det har tidlegare ikkje komme nokon «bestilling» på dette til TIS. Det er no avtalt opplæring for Vinje kommune i slutten av februar 2024.

Leiar i TIS opplyser at dei har faste møter med kontaktpersonar i kommunane, om lag kvar anna månad. Møta er som oftast på Teams. I møta blir det gitt informasjon om status i arbeidet til innkjøpssamarbeidet. Det har også vore fysisk heildagsmøte med kontaktpersonane der ein går grundigare inn verksemda.

TIS set ned faggrupper med fagpersonar frå kommunane dersom dei treng ekstra fagkompetanse i samband med at det skal lysast ut ein ny rammeavtale. Det blir ikkje sett slike grupper for alle utlysingar som innkjøpssamarbeidet gjer, men for ganske mange.

I november 2023 hadde innkjøpsansvarleg ein presentasjon til den utvida leiargruppa i kommunen om reglane om offentlege anskaffingar, innkjøpssamarbeidet, rammeavtaler m.m. Den utvida leiargruppa består i utgangspunktet av kommunalsjefar og verksemdsleiarar, men nokre avdelingsleiarar og andre frå verksemdene var også til stades i møtet.

I vår spørjeundersøking hjå tilsette i kommunen med attestasjons- og/eller tilvisingsmynde spurde vi om i kva grad dei kjenner til hovudtrekk i reglane om offentlege anskaffingar:

*Tabell 2 Svarfordeling på spørsmål om i kva grad ein kjenner hovudtrekk i reglane om offentlege anskaffingar. I tal på personar og prosent*

	I svært liten grad	I liten grad	I nokon grad	I stor grad	I svært stor grad
<b>Tal på personar</b>	1	3	19	16	1
<b>Prosentvis fordeling</b>	3 %	8 %	47 %	40 %	3 %

N= 40

Vi har vidare spurd tilsette med attestasjons- og/eller tilvisingsfullmakt om dei har delteke på opplæring om offentlig anskaffingar i løpet av dei to siste åra.

*Tabell 3 Svarfordeling på spørsmål om tilsette har delteke på opplæring om reglane om anskaffingar/innkjøp i løpet dei to siste åra. Tal på personar og prosent*

	Ja	Nei
<b>Tal på personar</b>	10	29
<b>Prosent</b>	28 %	72 %

N= 39

Dette viser at det at om lag to tredjedelar av dei som svarte på undersøkinga ikkje har delteke på opplæring i løpet av dei to siste åre. Sidan det ikkje har vore arrangert opplæring i regi av

kommunen eller TIS er det rimeleg å tru at tilsette som har vore med på opplæring, har nytta tilbod frå eksterne aktørar.

Dei som hadde vore på opplæring fekk og spørsmål om i kva grad dei fekk dekt behova for kunnskap om innkjøp/anskaffingar:

Tabell 4 Svarfordeling på spørsmål om i kva grad ein fekk dekt behova for kunnskap om innkjøp/anskaffingar på opplæringa. Tal på personar og prosent

	I svær liten grad	I liten grad	I nokon grad	I stor grad	I svært stor grad
<b>Tal på personar</b>	0	0	2	8	0
<b>Prosentvis fordeling</b>	-	-	20 %	80 %	-

N=

Vi spurde vi også (uavhengig om dei hadde delteke på opplæring eller ikkje) om dei hadde behov for opplæring om anskaffingsreglane.

Tabell 5 Svarfordeling på spørsmål om ein har behov for opplæring om innkjøp/anskaffingar. Tal på personar og prosent

	Ja	Nei
<b>Tal på personar</b>	24	16
<b>Prosent</b>	60 %	40 %

N=40

Som tabellen viser er det det ganske mange som meiner dei har behov for opplæring om anskaffingsregelverket.

### Innkjøpsrutinar

Kommunen nyttar i mange høve den elektroniske webløysinga Mercell når dei gjer større anskaffingar. Dette er programvare for både oppdragsgivarar og leverandørar i kommunikasjon og anbudsprosessar. I programvara blir det nytta skjema som i stor grad sikrar at prosessen med anskaffinga går rett føre seg.

Som vi har gjort greie for ovanfor har TIS på si nettside linkar og dokument til hjelp i samband med innkjøp. Særleg aktuelt er linkar til nettstaden Anskaffelser.no, som er den statlege informasjonskanalen om reglane om offentlege anskaffingar. Innkjøpssamarbeidet har også laga eigne sjekklister til bruk i kommunane:

- Sjekklister for innkjøpsprosess, kontrakter og oppfølging (sist revidert 2021)
- Egenrapportering – oppfølging av kontraktsvilkår for etiske krav (sist revidert 2017)

Kommunen sjølv nyttar Compilo som internkontrollsystem, der ligg det informasjon om innkjøpskonsulenten sine oppgåver og informasjon/sjekkliste til alle tilsette om innkjøp med følgjande retningslinjer/krav til dei tilsette:

1. *Vurder behovet før du handlar. Må det kjøpast nytt, er det mogleg å kjøpe brukt, eller kan du finne det du treng på ei anna avdeling i kommunen?*
2. *Sjekk om Vinje kommune har innkjøpsavtale på vara/tenesta du skal handle.*
3. *Dersom du finn innkjøpsavtale for produktet/tenesta du skal handle, må du kjøpe produktet av den leverandøren kommunen har avtale med.*
4. *Dersom du ikkje finn innkjøpsavtale for produktet/tenesta du skal handle, må du vurdere kriteria i tabellen under*

<b>Pris på vare/teneste ekskl. mva</b>	<b>Kven kan handle?</b>	<b>Kva gjer du?</b>
Kr 0 - 100.000	Den som har bestillaransvar	Sjekk produktpris hjå 3 ulike leverandørar. Du kan t.d. gjere eit nettsøk og velje den leverandøren med best produkt- og prismatch.
Alt over 100.000	Verksemdsleiar	Ta kontakt med innkjøpsansvarleg dersom du er i tvil om korleis du skal gå fram

#### *5. Kva for krav til faktura kommunen har*

I Compilo ligg også lenke den meir omfattande sjekkelista som Telemark Innkjøpssamarbeid har laga, og som kan vere til bruk i kommunane. Sjekklista tek for seg dei ulike stega i ei anskaffing; oppstart, planlegging og gjennomføring. Som vedlegg til sjekkelista ligg følgjande:

- Sjekkeliste for samfunnsansvar inkl. miljø, klima, sirkularitet m.m.
- Sjekkeliste for lønns- og arbeidsforhold generelt
- Sjekkeliste for lønns og arbeidsforhold – Telemarksmodellen
- Sjekkeliste for kontraktsoppfølging

Vi har spurd dei tilsette med attestasjons- og/eller tilvisingsmynde om dei har brukt nokre av sjekkelistene som ligg i Compilo eller på TIS sine nettsider i løpet av dei to siste åra:

Tabell 6 Svarfordeling på spørsmål om ein nytta sjekklister m.m. som ligg i Compilo eller på TIS sine nettsider i løpet av dei to ste åra. Tal på personar og prosent

	Ja	Nei
Tal på personar	21	19
Prosent	52 %	48 %

N=40

Nær halvparten av respondentane har ikkje nytta sjekklister. Vi har ikkje data om kva grunnar det er for at sjekklisterne ikkje vert bruka.

På spørsmål om dei har andre malar, sjekklister eller liknande som er tilpassa eige kommunalområde eller eining, er det eit klårt fleirtal (36 av 40) som svara at dei ikkje har eller kjenner til noko slikt.

## 2.3. Revisor si vurdering

### Ansvar og rollar

Etter vår vurdering har kommunen avklart roller og mynde på innkjøpsområdet.

Forholdet mellom kommunen og Telemark innkjøpssamarbeid om anskaffingar av rammeavtalar er avklart i vedtatt innkjøpsreglement og -strategi.

Rådmannen har peika ut ein person som innkjøpsansvarleg i kommunen. Det ligg føre ei skildring av kva for oppgåver som ligg til funksjonen. Innkjøpsansvarleg er kontaktperson mellom TIS og kommunen.

Kommunens økonomireglement klargjer roller og ansvar for tilsette som er involverte i innkjøp. Videre ligg det føre oversikter over kven som har attestasjons- og tilvisingsmynde på dei ulike ansvarsområda.

### Strategi for innkjøpa sine

Kommunen har vedtatt innkjøpsreglement og -strategi som sett overordna mål for kommunen sine innkjøp. Det er i tråd med anbefalingar i Direktoratet for forvaltning og økonomistyring sin rettleier for internkontroll på innkjøpsområdet.

### Tilstrekkeleg kompetanse i innkjøpsområdet

Gjennom å delta i eit innkjøpssamarbeid er kommunen sikra tilgang på kompetanse når det gjeld å inngå felles rammeavtalar. Innkjøpssamarbeidet sit og på anna generell innkjøpskompetanse som kommunen kan gjere seg nytte av.

Kommunen har i liten grad hatt systematisk opplæring i reglane om offentlege anskaffingar. Vår undersøking viser at det er tilsette som melder behov for slik opplæring. Vi meiner kommunen bør sørge for at alle som gjer innkjøp har grunnleggande kompetanse om anskaffingsreglane og at det kjenner til kvar dei finn relevant informasjon og/eller kvar dei kan få råd og rettleiing.

### **Rutinar**

Bruk av anbodsverktøyet Merccell er med på å sikre at anbudsprosessar skjer i tråd med krav og forventingar i anskaffingsregelverket. Kommunen nyttar dette i ein del større anskaffingar.

Både kommunen og TIS har laga relevante rutinar og sjekklister i tråd med regelverket. Vidare er det lenkar til nettstader der ein finn meir omfattande og detaljert informasjon. Etter vår vurdering har kommunen lagt til rette for at reglane og eige reglement blir følgd.

Det er ei føresetnad at rutinar og sjekkelister er kjende og blir brukt. Vår undersøking indikerer at ikkje alle er like merksame på informasjonen og verktøya som ligg føre. Kommunen bør sørge for at alle er kjende med dette.



## 3. Bruk av rammeavtalar

### 3.1. Revisjonskriterium

Ein rammeavtale er ein avtale som er inngått mellom ein eller fleire oppdragsgivarar og ein eller fleire oppdragstakarar. Avtalen har som føremål å fastsetje vilkår for dei kontraktane som skal tildelast i ein periode, særleg med omsyn til pris og volum. Rammeavtalar er særleg formålstenlege der kommunen ofte kjøper ei vare eller teneste, og der det samla beløpet i løpet av eit år overstig kr 100 000 (ekskl. MVA). Ein rammeavtale kan gje fleksibilitet og lettar det administrative arbeidet med anskaffingar, fordi kommunen kan gjere kjøp frå avtalen (avrop) utan å gjennomføre full anbudsprosess.

Oppdragsgjevar må følgje reglane anskaffingsforskrifta når han inngår rammeavtalar, og ein rammeavtale kan som hovudregel ikkje inngåast for meir enn fire år, jf. anskaffingsforskrifta § 11-1 og § 26-1.

I avtaleperioden er det viktig at kommunen er lojal til avtalen, dvs. at avtalen blir brukt ved kjøp av varer og tenester. Det kan vere brot på avtalen dersom kommunen ikkje gjer dette, og dessutan kan kommunen ende opp med å betale meir for varer og tenester enn det som er framforhandla i avtalane. Dette fordrar at dei tilsette i kommunen er kjende med rammeavtalane til kommunen og korleis desse skal brukast.

I rapporten *85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunesektoren* (Rapport frå arbeidsgruppe 15. desember 2009, Kommunal- og regionaldepartementet, H-2245) heiter det:

*Kommunen bør laga eit system for oppbevaring av rammeavtalar, og avtalane må vere tilgjengelege.*

Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) skildrar fleire viktige punkt for internkontrollen på innkjøpsområdet. Eitt av desse punkta er at det blir etablert eit system for oppbevaring og tilgjengeleggjering av rammeavtalar.<sup>7</sup>

Kravet om internkontroll i kommunelova § 25-1 betyr at kommunen bør ha tiltak og rutinar for å sikre at rammeavtalene vert brukt.

På dette grunnlaget har vi utleia følgjande revisjonskriterium:

- **Kommunen skal ha ei oppdatert oversikt over alle inngåtte rammeavtalar**
- **Kommunen skal ha system for å følgje opp at rammeavtalane vert brukt.**
- **Kommunen skal kjøpe inn varer og tenester i tråd med inngåtte rammeavtalar**

---

<sup>7</sup> <https://anskaffelser.no/nn/innkjopsledelse/internkontroll-offentlege-innkjop>

- **Kommune bør inngå rammeavtalar der kommunen kjøper inn varer/tenester frå ein og same leverandør, og dette i løpet av året utgjer ein samla verdi på over kr 100 000.**

## 3.2. Rammeavtalar - data

### 3.2.1. Oversikt over rammeavtalar

Det følgjer av innkjøpsreglementet/strategien at TIS har ansvar for at kommunane til ei kvar tid har tilgang til oppdatert informasjon om rammeavtalane. Oversikt over rammeavtalar ligg på nettsida til TIS. Lenke til TIS si nettside ligg i Compilo. Sjølve avtalane ligg i eit elektronisk kommunikasjonssystem for innkjøp; Mercell.<sup>8</sup> Alle tilsette i Vinje kommune har tilgang til systemet.

Vi har fått opplyst frå leiar i innkjøpssamarbeidet at kommunen (pr xx xx xxxx) har følgjande rammeavtalar som er inngått av TIS på vegne av samarbeidskommunane:

#### 2020

- Rammeavtale for møbler til kontor, skole, barnehage og institusjon – utløper 05.07.2024
- Rammeavtale for bøker og medier til folkebibliotek – utløper 30.09.2024
- Rammeavtale vikartjenester helse og omsorg – utløper 01.12.2024
- Rammeavtale for næringsmidler (husholdning) – utløper 01.01.2025
- Avtale for bedriftshelsetjeneste – utløper 22.03.2025
- Rammeavtale for juridisk bistand - offentlige anskaffelser – utløper 01.01.2025

#### 2021

- Rammeavtale forsikringsmegling (varighet 6 år) – utløper 14.06.2027
- Arbeidstøy, - sko og verneutstyr – utløper 31.10.2025
- Kontorrekvisita, fritt skolemateriell og kopipapir – utløper 01.09.2025
- Biladministrasjon og bil-leasing – utløper 06.01.2026

#### 2022

- Rammeavtale PC (stasjonære og bærbare), Audiovisuelt utstyr og tilbehør – utløper 21.03.2026
- Mobiltelefoner, fasttelefon og tilleggsutstyr – utløper 24.04.2026 (Vinje har opsjon)
- Servere, lagring, nettverkskomponenter – utløper 03.07.2026
- Renholds-, papir-, plast- storhusholdnings- produkter – utløper 02.10.2026
- Bøker til skole – utløper 03.10.2026

#### 2023

- Rammeavtale for leker, spill – tilbudsfrist 08.11.23 – under arbeid
- Rammeavtale for service og vedlikehold av heis i bygg – under arbeid blir lyst ut i nov/des 23

---

<sup>8</sup> Mercell er ein elektronisk marknadsplass for innkjøp, som binder innkjøparar og leverandørar saman

Vinje kommune har også sjølv anskaffa nokre rammeavtalar. Disse avtalane er ikkje samla i ein oversikt, men ligg tilgjengeleg på dei aktuelle einingane som nyttar avtalane:

- Gjelds- og finansforvaltning
- Kraftforvaltning
- Rammeavtaler for matvarer i oppvekst/helse/kultur
- Konsulentbistand til ulike planarbeid m.m
- Overvaking av vatn- og avløp

Vi har også fått opplyst at delt ligg føre nokre «lokale» avtalar om kjøp av mat til skular og barnehagar og innafør helse og meistring.

I tillegg har kommunen inngått fireårige avtalar om brøyting av ulike roder i kommunen, totalt 20 slike avtalar.

I spørjeundersøkinga spurte vi om dei tilsette viste kvar dei skulle finne kommunen sine rammeavtalar. Eit stort fleirtal på 34 av 40 svarte at dei viste kvar det låg informasjon om rammeavtalane.

På spørsmål om dei har klårt for seg om kommunen har rammeavtale som gjeld for deira innkjøp var det eit fleirtal (30 personar) som svarte ja, men det var og nokre (7 personar) som svarte at dei ikkje hadde dette klårt for seg.

### **3.2.2. Bruk av rammeavtalar - oppfølging**

Innkjøpsstrategien/reglementet seier at TIS, i samarbeid med kommunane, er ansvarleg for at det blir etablert rutinar for å følgje opp dei felles rammeavtalane. Det går fram av strategien at TIS, saman med representantar frå kommunane, bør gjennomføre jamlege statusmøte med leverandørane. Kommunen sine tilsette bør kontrollere leverte varer og tenester opp mot krava i kontrakten, og dei tilsette skal melde frå til TIS om ein leveranse eller delar av ein leveranse ikkje samsvarar med kontraktsvilkåra. TIS seier at dei har fått beskjed frå kommunane om slike manglar, men det har ikkje skjedd ofte. TIS har i desse høva tatt kontakt med aktuell leverandør. TIS har også på eige initiativ gjort noko kontraktsoppfølging, og har mellom anna funne at leverandørar har brukt feil prisar. Dette er feil som er oppdaga meir eller mindre tilfeldig,

TIS har no tilsett ein person i 40 % prosjektstilling som skal ha ansvar for avtaleforvaltning og kontraktsoppfølging. Kontroll av avtalelojalitet inngår i ansvaret. TIS har fått tilgang til rekneskapssystema til dei fleste samarbeidskommunane. Det gjeld også Vinje kommune.

Frå kommunen får vi opplyst at økonomireglementet skal reviderast våren 2024. Det vil då bli tydelegare kven som har ansvar for å følgje opp at rammeavtalar som er inngått også blir nytta. Fram til no har tanken vore at den som attesterer og tilviser kontrollerer at fakturaer er i tråd med inngåtte avtalar, men dette har ikkje vore nedfelt i økonomireglementet. Det blir også arbeidd med

ein rutine for korleis kommunen kan avdekke brot på avtalar og kven som skal ha ansvar for å ta stikkprøver.

### 3.2.3. Bruk av rammeavtalar - stikkprøver

For å undersøke kommunen sin bruk av rammeavtalar har vi gjort søk i rekneskapen. Vi har valt ut nokre område (varer og/eller tenester) der kommunen har rammeavtalar, og der føringa i rekneskapen er knytt til ein eintydig konto (kostnadsart).

#### Bøker og medium til bibliotek

Kommunen har rammeavtale med Biblioteksentralen om kjøp av bøker til bibliotek. I rekneskapen blir konto «12005 bøkar til bibliotek» og «11056 bøkar til skulebibliotek» nytta. Fordeling på kjøp til bibliotek og skulebibliotek var slik i perioden vi undersøkte:

Leverandør	Beløp i kr	Prosent av total
Ark bokhandel	229	0,4
Biblioteksentralen	59 796	77
Gyldendal Norsk Forlag	12 360	16
Kallåk tekstamaker	290	0,5
Motek as	4 516	6
<b>Totalt</b>	<b>77 711</b>	<b>100</b>

På spørsmål til dei skulane som hadde kjøpt inn bøker frå Gyldendal Norsk Forlag om kvifor dei ikkje hadde nytta rammeavtale, får vi opplyst frå to av skulane at det ikkje blei undersøkt om bøkene kunne kjøpast frå Biblioteksentralen. På den siste skulen har vedkommande som gjorde innkjøpet gått av en pensjon, og vi har difor ikkje fått nærmare forklaring.

#### Arbeidsklede

Kjøp av arbeidsklede blir i rekneskapen ført på konto «11201 Arbeidsklær». Kommunen har avtale om kjøp av arbeidsklede, -sko og verneutstyr frå firmaet Kentaur Norge AS. Denne avtalen gjeld i hovudsak klede innafor kjøkken, reinhald og helsetenester. Eit søk i rekneskapen syner at det er slik fordeling på leverandørar av kjøp som er belasta den aktuelle kontoen:

Leverandør	Beløp i kr	Prosent av total
NN (refusjon til ein einskildperson)	5 083	1
DALEN SERVICE A/S	7 880	1
DRAGER SAFETY NORGE AS	31 748	5
FRISTADSENTERET AS	208 983	29
GJERLID SERVICE AS	12 516	2

<b>HOPPIN AS</b>	112 303	16
<b>JELØY SKOTØY &amp; REPARASJONSVERKSTED AS</b>	14 432	2
<b>KENTAUR NORGE AS</b>	54 621	8
<b>NN (refusjon til ein einskildperson)</b>	5 540	1
<b>RAULAND JERNVARE AS</b>	125 486	18
<b>SVERRE W. MONSEN AS</b>	9 474	1
<b>VESTFOLD BRANNTENNIKK AS</b>	27 830	4
<b>WENAAS WORKWEAR AS</b>	64 721	9
<b>Andre (9 leverandører med kjøp under kr 5 000 på kvar leverandør)</b>	18 480	3
<b>Totalt</b>	699 099	100

Fleire av leverandørane her, til dømes Rauland jernvare, har levert arbeidsklede til teknisk sektor som ikkje er dekt av rammeavtala med Kentaur. Det same gjeld for Hoppin AS, som har levert til skule og barnehagesektoren, som heller ikkje er del av rammeavtala med Kentaur.

Vårt søk i rekneskapen viste at verksemder innafor helse og reinhald også hadde kjøpt varer frå andre enn Kentaur, for til saman nær kr 150 000. I all hovudsak er dette kjøp av skotøy. På spørsmål til dei aktuelle instansane om kvifor rammeavtala ikkje blei brukt, fekk vi opplyst at leverandøren ikkje har skotøy til helsearbeidarar.

Vi får opplyst at det ikkje har vore anskaffa rammeavtaler om skotøy til helsearbeidarar eller arbeidsklede til bruk av teknisk sektor. Det same gjeld arbeidsklede til tilsette i skule og barnehage.

### Lærebøker

Kommunen har avtale med BS undervisning om kjøp av skulebøker. Fordelinga på konto «11051 lærebøkar» er slik.

Leverandør	Beløp i kr	Prosent av total
<b>BS undervisning</b>	638 732	98
<b>Andre (4 leverandørar med innkjøp under kr 5 000 på kvar leverandør)</b>	10 888	2
<b>Tortalt</b>	649 621	100

I all hovudsak er innkjøpa gjort hjå rammeavtaleleverandøren.

**Møblar til kontor, skule, barnehage og institusjon**

Her har Vinje kommune avtalar med fleire leverandørar; Kinnarps AS, Lekolar AS og Erik Tanche-Nilssen AS. Frå desse leverandørane hadde kommunen gjort slikt samla innkjøp i 2023:

Leverandør	Beløp i kr
Kinnarps AS	193 442
Erik Tanche-Nilssen AS	372 415
Lekolar AS	253 284

Kontoen som blir nytta i rekneskapen ved innkjøp av møblar er «12000 - inventar og utstyr». Dette er ein konto som blir nytta til eit breitt spekter av varer fordelt på svært mange leverandørar, der leverandørane også kan ha møblar i sitt sortiment. Det er difor vanskeleg å undersøke om det er gjort innkjøp av inventar frå andre produsentar utan å gå detaljert inn i rekneskapen. Vi undersøkte kjøp frå to leverandørar som ein normalt vil tenke sel varer som er omfatta av rammeavtalane; Ikea (kr 37 362) og Møbelringen Rjukan (kr 22 799).

Frå leiar i ein av barnehagane får vi opplyst at dei har kjøpt varer frå Ikea av di det er betre vareutval og det er billigare. En annan barnehageleiar seier om lag det same: *dei (Ikea) hadde billigare og meire tilpassa utstyr til vårt arbeid med barnas fysiske leikemiljø. Me har og kjøpt noko kjøkkenrelaterte ting som koppar, tallerken, serveringsbrett og bestikk der.*

Frå verksemdsleiar for tenester til personar med særlege behov får vi opplyst at dette var møblar og noko anna utstyr til flyktingar, og at det var naudsynt å handle raskt. Og vidare: *I tillegg så er Ikea billigare og har større utval.*

Vi får opplyst frå ein tredje barnhageleiar at kjøpet frå Møbelringen Rjukan gjeld ein sofa med spesielle mål, som ikkje var å finne i produktutvalet hjå rammeavtaleleverandørane. Ho seier at det også blei kjøpt eit bord som dei mest sannsynleg kunne ha kjøpt frå ein av leverandørane som kommunen har avtale med.

**Reingjeringsmateriell**

Vinje kommune har avtale om kjøp av reingjeringsmateriell frå Erik Tanche-Nilssen AS. Vi har her undersøkt kjøp som i rekneskapen er ført konto «11202 reingjeringsmateriell».

Leverandør	Beløp i kr	Prosent av total
Erik Tanche-Nilssen AS	783 594	95
N3 Norge AS	17 029	2
Lyreco Norge AS	6 525	0,8
Team Norge AS	10 235	1,2
Andre (4 leverandører med beløp under kr 5 000)	2 896	0,3

<b>Totalt</b>	821 243	100
---------------	---------	-----

På spørsmål til reinhaldsavdelinga om kvifor det ved eit par høve var kjøpt inn materiell frå leverandøren 3N, får vi opplyst at dette gjaldt produkt som ikkje var i sortimentet til rammeavtaleleverandøren.

### Vikartenester helse og omsorg

Kommunane i Telemark innkjøpssamarbeid har avtalar med fleire leverandørar av vikartenester. I rådmannen sitt utvida leiarmøte i november 2023 blei det vist til ein stikkprøvekontroll gjennomført av TIS i høve til lojalitet til avtalene.

Figur 1 Utklipp frå presentasjon om anskaffingar halde i leiarmøte i november 2023

<p><b>Vikartenester helse- og omsorg (sjukepleiar, helsefagarbeidar, lege)</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Svært stor etterspurnad etter vikarar siste åra og hard konkurranse mellom kommunane i Noreg</li> <li>• Mange faktorar: pris, kvalitet, leveringstryggleik..</li> <li>• Rammeavtale med <ul style="list-style-type: none"> <li>• Konstali</li> <li>• Dedicare</li> <li>• Focus Care</li> <li>• Centric Care</li> <li>• Kletor</li> <li>• LäkarLeasing</li> </ul> </li> <li>• TIS har gjennomført stikkprøvekontroll i sine medlemskommunar</li> <li>• Vinje kjøpte i 2022 vikartenester for omlag kr 8,1 <u>mill</u></li> <li>• Av dette vart kr 4,5 <u>mill</u> kjøpt av leverandør me ikkje har rammeavtale med (<u>WorkNorway</u>)</li> <li>• Meirkostnaden grunna mindre gunstige vilkår utanfor rammeavtala er kr 1,4 <u>mill</u></li> </ul>
---

Som det går fram av presentasjonen kjøpte kommunen i stor grad vikartenester utanom gjeldande avtalar.<sup>9</sup> Kjøpa utanom rammeavtalene utgjorde over halvparten av den totale verdien på kjøpa, og det representerte ein stor meirkostnad for kommunen.

### 3.2.4. Mangel på rammeavtalar

Vi har i vår gjennomgang av rekneskapstal sett at kommunen i fleire tilfelle har kjøpt varer og/eller tenester frå leverandørar dei ikkje har rammeavtalar med, og der samla beløp i løpet av året har vore meir enn kr 100 000. Døme på leverandørar er:

- Elkjøp Notodden
- Rauland elektriske AS
- Vinje Rør AS

<sup>9</sup> Gjaldt for 2022

Dette blir også problematisert av kommunen sjølv. I presentasjonen om anskaffingar leiarmøte i november 2023 (sjå side 11) er det gjort greie for at det er fleire område der kommunen har jamlege innkjøp med årleg verdi på over kr 100 000 utan at det er anskaffa rammeavtalar.

Figur 2 Utklipp frå presentasjon om anskaffingar halde i leiarmøte i november 2023

### Stikkprøver frå Agresso viser hyppige, og til saman store kjøp frå m.a.:

- Blomen Vinje
- Aasmundsen bakeri
- Apotek 1
- Rauland vaktservice
- Via|nor
- Fristadsenteret
- Agenda Kaupang
- Ulike tolketenester
- Ulike advokattenester

I spørjeundersøkinga kjem det også fram at ein del av respondentane (11 personar) meiner det er fleire områder der det ville vore rett av kommunen å anskaffa rammeavtalar.

#### **Utgåtte avtalar**

Vi har elles fått opplyst at rammeavtalen med Vestfold Automasjon AS på overvakingssystemet på vatn- og avløp i Vinje kommune varar eit år om gongen, men blir forlenga automatisk dersom ingen av partane seier den opp.

Kommunalsjef for helse og meistring viser og til ein lokal avtale om kjøp av medikament frå Apotek 1 til sjukeheimen. Avtalen er frå 2017, og har blitt forlenga frå år til år.

### **3.3. Revisor si vurdering av bruk av rammeavtalar**

#### **Oversikt over rammeavtalar**

Det ligg samla oversikt over rammeavtalane som er inngått i regi av Telemark Innkjøpssamarbeid på deira nettside. Kommune har lenke til innkjøpssamarbeidet si nettside i Compilo, og tilsette har tilgang til avtalane.

Kommunen har også anskaffa nokre rammeavtalar sjølv. Det ligg ikkje føre samla oversikt over desse i Compilo. Vi meiner det kan vere hensiktsmessig å lage ei oversikt over eigen inngåtte avtalar, slik at det er lett for tilsette å sjå om det ligg føre avtale på det området dei gjer innkjøp.

Kommunen bør sørge for at alle tilsette som gjer innkjøp veit kvar dei finn rammeavtalar, og at dei har klart for seg om det er inngått rammeavtalar som er aktuelle for deira innkjøp

#### **Bruk av rammeavtalar - oppfølging**



Vinje kommune har i liten grad arbeidd systematisk for å sjå til at rammeavtalane blir følgde. Det er positivt at ein vil søke å følgje opp dette betre framover, og at Telemark innkjøpssamarbeid også har styrka arbeidet med oppfølging og kontroll.

Av fleire omsyn er det viktig å skape ein god kultur for å følgje regelverk og avtalar, men vi meiner det også er naudsynt med internkontroll på området.

### **Bruk av rammeavtalar – praksis**

På dei områda vi har undersøkt meiner vi kommunen i all hovudsak har følgd dei inngåtte rammeavtalane.

Kommunen har sjølv peika på eitt område der verksemder/einingar i kommune ikkje har følgd avtalane. Det gjeld kjøp av vikartenester innfor helse og meistring, og her var det store avvik. Brot på avtalar utgjør risiko for tvist med leverandørar, omdømmetap og ikkje minst økonomisk tap.

Kommunen bør sørge for at tilsette er lojale til alle avtalar kommune har inngått.

### **Mangel på rammeavtalar**

Dersom kommunen kjøper inn ein bestemt type vare/varegruppe eller teneste frå ein og same leverandør, og dette i løpet av året utgjør ein samla verdi på over kr 100 000, vil det vere omfatta lov om offentlege anskaffingar. Kommunen har ved fleire høve gjort slike kjøp i løpet av dei siste åra utan å ha rammeavtalar. Kommunen bør sørge for å etablere rammeavtalar der det er påkravd.

Vi har fått opplyst at kommunen har nokre rammeavtalar som ikkje er tidsavgrensa. Normalt kan ein avtale ikkje vare i meir enn fire år. Kommunen bør vurdere om det er område der det vil vere rett å lyse ut ny konkurranse om rammeavtale.

## 4. Gjennomføring av innkjøp

### 4.1. Revisjonskriterium

#### Hovudreglar

Den verdien eit innkjøpet er berekna til å koste, og til dels kva som skal kjøpast, er avgjerande for kva reglar som gjeld for innkjøpet. Lov om offentlige anskaffelser (LOA) gjeld for innkjøp/anskaffingar som kostar kr 100 000 eks. mva eller meir. Dei grunnleggande prinsippa om «konkurranse, likebehandling, forutberegnelighet, etterprøvarhet og forholdsmessighet» gjeld for alle innkjøp som er omfatta av lova.

Forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) regulerer korleis innkjøpsprosessar skal gjennomførast. Generelt vert krava meir detaljerte jo større verdien på innkjøpet er. Vi gjer greie for hovudreglane i anskaffingsforskrifta i tabellen under. Terskelverdiane i tabellen er dei som var gjeldande i perioden vi har undersøkt (2022-2024):

Berekna verdi <sup>10</sup>	Regelverk
Kr 100 000 – 1,3 mill. kr.	Del I i forskrifta gjeld for desse anskaffingane. Det er krav om konkurranse, men ikkje krav om utlysing av konkurranse. Alle vesentlege avgjerder i innkjøpsprosessen skal dokumenterast.
Vare- og tenestekontraktar 1,3 mill. kr – 2.2 mill. kr Bygg og anleggsarbeid 1,3 mill. kr – 56 mill. kr	Del I og II i forskrifta gjeld. Konkurranse skal lysast ut nasjonalt (Doffin). Oppdragsgjevar kan bruke open eller avgrensa tilbodskonkurranse som konkurranseform. Oppdragsgjevar kan ha dialog i med leverandør i tilbodskonkurransar. Oppdragsgjevar må føre protokoll for gjennomføringa av anskaffinga.
Vare- og tenestekontraktar for 2,2 mill. kr eller meir Bygge- og anleggskontraktar for 56 mill. kr eller meir	Del I og III i forskrifta gjeld. Konkurranse må lysast ut nasjonalt og i EØS-landa (Doffin og TED). Oppdragsgjevar kan bruke open eller avgrensa anbodskonkurranse som konkurranseform. Oppdragsgjevar kan gjennomføre konkurranse med forhandling, konkurranseprega dialog eller konkurranse om innovasjonspartnarskap som konkurranseform på visse vilkår. Oppdragsgjevar må føre protokoll for gjennomføring av anskaffinga.

<sup>10</sup> Alle tal er utan meirverdiavgift.

Forskrifta del II opnar for dialog med leverandørar i tilbodskonkurransar. Ifølgje rettleiar til reglane om offentlege anskaffingar<sup>11</sup> skal kommunen i størst mogleg grad gjere det klårt for leverandørane kva ein slik dialog vil innebere:

*Dersom oppdragsgiveren planlegger å ha dialog skal oppdragsgiveren angi dette i anskaffelsesdokumentene. Det er viktig for leverandørene å vite om det blir dialog og eventuelt hvor omfattende og tidskrevende denne vil bli. Oppdragsgiveren må derfor opplyse om han kun planlegger dialog i form av avklaring av uklarheter/retting av avvik, eller om han vil gjennomføre forhandlinger.*

*Dersom oppdragsgiveren planlegger dialog i form av forhandlinger skal han, så vidt mulig, også beskrive hvordan dialogen vil bli gjennomført. Oppdragsgiveren skal eksempelvis gi informasjon om tentativ tidsplan, hvor mange runder med forhandlinger som er planlagt, eventuelle grenser for hvor mange leverandører det vil forhandles med osv. Oppdragsgiveren er kun forpliktet til å opplyse om hvordan dialogen skal gjennomføres dersom dette er bestemt på forhånd.*

### **Berekning av verdi på innkjøpet**

For å vurdere kva reglar som gjeld, må oppdragsgjevar berekne verdien på innkjøpet. Reglane for dette står i anskaffingsforskrifta § 5-4. Hovudreglane er som følgjer:

- Verdien på kontrakten skal bereknast på grunnlag av eit anslag over den samla betalinga eks. mva. Eventuelle opsjonar skal medreknast.
- Ved rammeavtalar skal ein legge til grunn den maksimale verdien av alle kjøp som ein ventar å gjere frå avtalen, i den tida den skal gjelde for.
- Ved bygge- og anleggskontraktar skal ein ta omsyn til både bygge- og anleggsarbeida og alle varene og tenestene som oppdragsgjevar stiller til rådvelde for leverandøren, og som er nødvendige for å utføre arbeidet.
- For vare- og tenestekontraktar som oppdragsgjevar inngår regelmessig, skal kontraktsverdien bereknast ut i frå den samla verdien av slike kontraktar inngått i dei siste 12 månadene, ev. verdien dei kontraktane som vil bli tildelt i løpet av 12 månader frå den fyrste leveransen.

Dersom kontrakten inneheld minst to typar ytingar (varer, tenester eller bygge- og anleggsarbeid), skal kontrakten, ifølgje forskrifta § 6-1, inngåast etter reglane som gjeld for den ytinga som er hovudelementet i kontrakten, det seie den ytinga som har den høgaste verdien.

Dersom kontrakten inneheld ytingar som delvis er omfatta av anskaffingsforskrifta og delvis omfatta av forsyningsforskrifta, seier forsyningsforskrifta § 6-3, at oppdragsgjevar må følgje

---

<sup>11</sup> [Veileder til reglene om offentlige anskaffelser \(anskaffelsesforskriften\) - regjeringen.no](#)

reglane som gjeld for den aktiviteten anskaffinga i hovudsak er berekna for. Alternativt kan oppdragsgjevar inngå separate kontraktar.

### **Krav til leverandørar**

Oppdragsgjevar skal krevje at den valde leverandøren må levere attest for skatt og meirverdiavgift for anskaffingar over kr 500 000, jf. anskaffingsforskrifta § 7-2.

Det følgjer av Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar §§ 4 og 5 at oppdragsgjevar ved tildeling av tenestekontraktar eller bygge- og anleggsarbeidskontraktar over 1,3 mill. kr, skal stille krav om at tilsette hos leverandør og eventuelle underleverandørar, har løns- og arbeidsvilkår i samsvar med allmenngjort eller landsomfattande tariffavtale.

Det følgjer av forskrifta om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar § 6 at oppdragsgjevar i kontrakten skal krevje at leverandøren på førespurnad må dokumentere at krav til løns- og arbeidsvilkår er oppfylt. Oppdragsgjevar skal også sikre seg retten til å gjennomføre sanksjonar dersom krava ikkje blir oppfylt.

Det skal gå fram av konkurransegrunnlaget at kontrakten vil innehalde krav om løns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar.

I innkjøpsreglementet/strategien til kommunen står det at Telemarksmodellen skal nyttast i alle bygge- og anleggskontraktar, og i vare- og tenestekontraktar så langt det passar.

### **Tildelingskriterium**

I følgje FOA § 8-11 skal oppdragsgjevar velje tilbod på grunnlag av objektive tildelingskriterium. Kriteria skal kome fram i konkurransegrunnlaget. Vidare heiter det :

*Tildelingskriteriene skal ha tilknytning til leveransen. Slike kriterier kan for eksempel være pris, kvalitet, livssyklus kostnader, miljø, sosiale hensyn og innovasjon. Tildelingskriteriene skal ikke være så skjønnspregede at de gir oppdragsgiveren en ubegrenset valgfrihet.*

I LOA § 5 er det krav om at kommunen skal bidra til å redusere skadeleg miljøpåverknad, og fremme klimavennlege løysingar der dette er relevant.

Kommunen har størst moglegheit til å påverke klima- og miljøeffekten av anskaffinga tidleg i prosessen. Oppdragsgjevar kan ta miljøomsyn kan i fleire trinn i anskaffingsprosessen, mellom anna som eitt av tildelingskriteria.

I FOA § 7-9 Minimering av miljøbelastning heiter det:

*Oppdragsgiveren skal legge vekt på å minimere miljøbelastningen og fremme klimavennlige løsninger ved sine anskaffelser og kan stille miljøkrav og kriterier i alle trinn av anskaffelsesprosessen der det er relevant og knyttet til leveransen.*

*Der miljø brukes som tildelingskriterium, bør det som hovedregel vektas minimum 30 prosent.*

### **Dokumentasjon/protokoll**

Oppdragsgjever må dokumentere korleis konkurransen er gjennomført. For innkjøp som er omfatta av anskaffingsforskrifta del I, er det krav i § 7-1 om at oppdragsgjever skal ha dokumentasjon som er tilstrekkeleg til å grunngi viktige avgjerder i innkjøpsprosessen.

For innkjøp som er omfatta av forskrifta del II eller III, er det krav om protokoll. Protokoll skal ifølgje anskaffingsforskrifta § 10-5 (del II) mellom anna innehalde

- skildring av og verdi på det som skal kjøpast
- namnet på leverandørar som har bedt om å få delta i konkurransen
- namnet på leverandørar som har levert tilbod
- namnet på utvalt leverandør og grunngjeving for valet.

For innkjøp etter del III i forskrifta, står reglane om protokoll i anskaffingsforskrifta § 25-5. Krava er i stor grad dei same som dei som går fram av § 10-5.

### **Kommunen sitt innkjøpsreglement**

Sjølv om LOA gjeld for anskaffingar over kr 100 000, har Vinje i sitt reglement følgjande om kjøp som ikkje er omfatta av loven:

*For innkjøp som ikkje er omfatta av regelverket for innkjøp skal kommunane likevel gjennomføre ei forsvarleg og sakleg sakshandsaming, og utføre innkjøpet på ein økonomisk og ressurseffektiv måte i tråd med grunnprinsippa i innkjøpsregelverket*

På dette grunnlaget har vi utleia følgjande revisjonskriterium:

- **Kommunen skal sørge for konkurranse ev. kunngjere innkjøpet i samsvar med regelverket**
- **Kommunen skal bruke rett prosedyre/konkurranseform**
- **Kommunen skal sette tildelingskriterium, og miljø bør vere ein del av kriteria**
- **Kommunen skal krevje attest for skatt og meirverdiavgift frå leverandørar som får tildelt kontrakt med verdi over kr 500 000**
- **Kommunen skal stille krav til løns- og arbeidsvilkår i teneste- og bygge- og anleggskontraktar over 1,3 mill. kr.**
- **Kommunen skal dokumentere innkjøpet i samsvar med regelverket**

## **4.2. Gjennomføring av innkjøp - data**

Det er i hovudsak kommunalområdet teknisk, drift og infrastruktur som gjer større innkjøp. Mange av innkjøpa er knytt til investeringsprosjekt. For stikkprøvekontroll har vi valt ut ni innkjøp/anskaffingar som er gjort av kommunalområdet teknisk, drift og infrastruktur i perioden 2022-2023. Anskaffingane vi har undersøkt er handsama etter del I og del II i FOA. Kommunen hadde etter det vi har fått opplyst ingen anskaffingar etter del III i FOA i den aktuelle perioden. Vi gjennomgår anskaffingane under.

#### 4.2.1. Anskaffingar handsama etter anskaffingsforskrifta del I

##### Innkjøp av solskjerming

Kjøpet gjaldt solskjerming på uteplass på Vinjeheimen. Fakturaen var på kr 172 000 inkl. mva.

Frå avdelingsingeniør i kommunen får vi opplyst at berre ein leverandør blei kontakta, fordi verdien på kjøpet den gong vart vurdert under kr 100 000. Leverandøren blei kontakta på telefon. Det ligg føre e-post med tilbud frå leverandøren. Tilbudet var på under kr 100 000.

##### Murararbeid på Vinjehuset

Anskaffinga gjaldt reparasjon av lekkasje i symjebassenget i Vinjehuset. Kommunen fekk faktura på kr 348 000 inkl. mva.

Frå avdelingsingeniør i kommunen får vi opplyst at dette var eit hasteoppdrag. Tre ulike murarfirma blei bedne om å gi pris på arbeid med å rette lekkasjen. Det var berre ein av leverandørane som gav pris, og vedkommande fekk jobben.

Førespurnadene skjedde via telefon, og det ligg difor ikkje føre nærmare dokumentasjon av kommunikasjonen.

##### Nye ladepunkt i parkeringskjellar – Fristadsenteret

Anskaffinga gjaldt etablering av elbilladerar i parkeringskjellaren på Fristadsenteret. Estimert verdi på anskaffinga var 1,2 millionar kroner

<b>Kunngjering</b>	Konkurransesgrunnlag med førespurnad om deltaking i konkurranse blei sendt på e-post til tre leverandørar 30. september 2021.  Berre ein leverandør gav tilbud.
<b>Prosedyre/ konkurransereform</b>	Frå konkurransegrunnlaget:  Anskaffelsen gjennomføres i henhold til lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974 del I og del II.

	<p>Kontraktstildeling vil bli foretatt etter prosedyren <b>begrenset tilbudskonkurranse</b> jfr. FOA § 8-3. Utvalgelse av hvilke leverandører som skal få levere tilbud er foretatt. Bare de leverandørene som har blitt utvalgt og invitert har anledning til å levere tilbud.</p> <p>Oppdragsgiver planlegger å gjennomføre dialog gjennom forhandlinger med en eller flere av leverandørene som inngir tilbud i konkurransen. Forhandlingene vil kunne gjelde alle sider av tilbudene. Utvalgsen av hvem det vil forhandles med vil bli foretatt etter en vurdering av tildelingskriteriene. Det planlegges å ha forhandlinger med maksimalt 3 leverandører.</p> <p>Forhandlinger blir ikke gjennomført dersom oppdragsgiver, etter at tilbudene er mottatt, vurderer at forhandlinger ikke er hensiktsmessig. Dialog i form av rettinger/avklaringer gjennomføres ved behov.</p>
<b>Kriterier</b>	<p>Pris 60%</p> <p>Teknisk løsning 40%</p>
<b>Attest for skatt og MVA</b>	Det ligg ikkje føre krav i konkurransegrunnlaget. Vi får opplyst at dette punktet blei tatt med i eigenerklæringa i samband med kontrakten.
<b>Krav til lønns og arbeidsvilkår</b>	Ifølgje konkurransegrunnlaget vil kontrakten innehalde krav om lønns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om lønns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112.
<b>Dokumentasjon/protokoll</b>	Ja

#### 4.2.2. Anskaffingar handsama etter anskaffingsforskrifta del II

##### Ny vassforsyningsbil – brannvesenet

Dette kjøpet gjaldt levering av komplett branntankbil etter gitt spesifikasjoner til Vinje Brann og beredskap. Estimert verdi i kunngjøringa var kr 4,5 millioner kroner.

<b>Kunngjering</b>	Kunngjort på Doffin 3. februar 2022
<b>Prosedyre/ konkurranseform</b>	Frå konkurransegrunnlaget:

	Konkurransen vert gjennomført som ein open tilbodskonkurranse utan nokon form for forhandling eller konkurranseprega dialog.
<b>Kriterier</b>	Lågast pris 30% Service, vedlikehald og teknisk assistanse 30% Funksjonalitet, brukarvennleg, sikkerheit og ergonomisk utforming 40%
<b>Attest for skatt og MVA</b>	Krav ligg i anbudsgrunnlaget i Mercell
<b>Krav til lønns og arbeidsvilkår</b>	Krav ligg i anbudsgrunnlaget i Mercell
<b>Dokumentasjon/protokoll</b>	Ja.

### Fysioavdeling VHS – ombygging/rehab 2022

Anskaffinga gjaldt ombygging og rehabilitering av fysioterapiavdelinga ved Vinje helsehus. Arbeidet skulle gjennomførast som generalentreprise, dvs. at heile arbeidet blir levert av ein entreprenør. Estimert verdi var 5,2 millionar kroner.

<b>Kunngjering</b>	Konkurranse vart kunngjort på Doffin 22. mars 2022
<b>Prosedyre/ konkurranseform</b>	Konkurranseforma var open konkurranse med dialog  I konkurransegrunnlaget blei det opplyst at i kva grad det vert gjennomført dialog, og med kor mange, vert avgjort av byggherre under evalueringa av tilboda.
<b>Tildelingskriteriar</b>	Pris 80% Kompetanse og nøkkelpersonell 20%
<b>Attest for skatt og MVA</b>	Det er krav om:  - Skatteattest RF 1244 utstedt av kemner/kommunekasserar for skatte- og arbeidsgjevaravgift, ikkje eldre enn 6 månader  - Attest frå skattefogden/fylkesskattesjefen for meirverdiavgift, ikkje eldre enn 6mnd
<b>Krav til lønns og arbeidsvilkår</b>	I konkurransegrunnlaget er det lista opp kvalifikasjons- og tildelingskriterium, mellom anna:



	<i>Det stillast krav i kontrakten til lønns- og arbeidsvilkår, jf dei til einkvar tid gjeldande Reglar i forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontrakter. Lov om minstelønn på bygge og anleggsplassar skal fylgjast. Det skal før kontrakt leverast skriftleg bekreftelse frå tilbydar om at dette vil bli overhalde for alle på byggeplassen</i>
<b>Dokumentasjon/ protokoll</b>	Ja.

**Kommuneplanens arealdel**

Anskaffinga gjaldt arbeid med Vinje kommune si nye kommuneplan, arealdelen. Kommunen berekna verdien av kontrakten til å vere over nasjonal terskelverdi for tenestekjøp, dvs. over kr 1,3 millionar kroner.

<b>Kunngjering</b>	Anskaffinga vart kunngjort på Doffin 2. desember 2022
<b>Prosedyre/ konkurransform</b>	Det blir i kunngjeringa av konkurransen sagt at ein følgjer føresegnene i FOA del II. Det kjem ikkje klart fram av konkurransegrunnlaget om det var ein avgrensa eller opne tilbodskonkurranse. Vidare om prosedyren:  <i>Dersom oppdragsgivar ser det som tenleg, vil ein gjennomføre drøftingar/forhandlingar med ein eller fleire av tilbydarane.</i>
<b>Tildelingskriteriar</b>	Referansar frå tilsvarande prosjekt 50% Svar på oppgåva og framdriftsplan 25% Prisar og kostnader 20 % Atterhald 5%
<b>Attest for skatt og MVA</b>	I konkurransegrunnlaget er det stilt krav om skatteattest:  <i>Skatte-/MVA-attest og HMS-egenerklæring Leverandørane skal legge fram skatte- og MVA-attest og HMS-eigenerklæring i tråd med FOA § 17-14 og § 17-1. Dokumentasjon skal være vedlagt. Leverandørar som ikkje leverar desse, skal avvisast, jfr. FOA § 20-12</i>
<b>Krav til lønns og arbeidsvilkår</b>	I konkurransegrunnlaget er det ikkje stilt krav om at tilsette hos leverandør og eventuelle underleverandørar, har løns- og arbeidsvilkår i samsvar med allmenngjort eller landsomfattande tariffavtale.

	Kommunen meiner dette ikkje er relevant mht. øvre kvalifikasjonskrav, samt at dette er ei tenestekontrakt på spesialiserte konsulenttenester.
<b>Dokumentasjon/ protokoll</b>	Ja.

**Rauland Omsorgssenter**

Anskaffinga gjaldt oppussing, noko ombygging og eit påbygg for å huse dagsenterfunksjonen. Gjennomføring som generalentreprise. Estimert verdi på anskaffinga var 15,1 millionar kroner.

<b>Kunngjering</b>	Konkurranse blei kunngjort på Doffin 22.06.2023
<b>Prosedyre/ konkurranseform</b>	Ifølgje konkurransegrunnlaget var konkurranseforma open tilbodskonkurranse med dialog, og vert gjennomført etter dei reglane som gjeld for denne konkurranseforma.  I kva grad det vert gjennomført dialog og kor mange tilbydarar ein vil ha dialog med vert avgjort av byggherre under evaluering av tilboda
<b>Tildelingskriteriar</b>	Pris 80%  Kompetanse til nøkkelpersonell 20%
<b>Attest for skatt og MVA</b>	I konkurransegrunnlaget er det krav om skatteattest RF 1244 utstedt av kemner/kommunekasserar for skatte- og arbeidsgjevaravgift, ikkje eldre enn 6 månader
<b>Krav til lønns og arbeidsvilkår</b>	Ifølgje konkurransegrunnlaget blir det i kontrakten stilt krav til lønns- og arbeidsvilkår, jf dei til ei kvar tid gjeldande reglar i forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar. Lov om minstelønn på bygge og anleggsplassar skal fylgjast. Det skal før kontrakt leverast skriftleg stadfesting frå tilbydar om at dette vil bli overhalde for alle på byggeplassen.
<b>Dokumentasjon/ protokoll</b>	Ja

**GS-veg Øyfjell**

Anskaffinga gjaldt bygging av ca. 830 meter med G/S-veg inkludert i dette ei bru. Estimert verdi på anskaffinga var 12,2 millionar kroner.

<b>Kunngjering</b>	Konkurranse kunngjort på Doffin 10.06.2022
<b>Prosedyre/ konkurranseform</b>	Open anbudskonkurranse  Anskaffelsen er omfattet av lov om offentlige anskaffelser og forskrift om innkjøpsregler, del I og II, anskaffelser av bygge- og anleggsarbeider med en anslått verdi under 51 millioner kroner eks. mva.
<b>Tildelingskriteriar</b>	Pris 100%  Krav til miljøstyringssystem i konkurransegrunnlaget
<b>Attest for skatt og MVA</b>	Krav i konkurransegrunnlaget (henvist til krav i FOA under kap. 5.1).
<b>Krav til lønns og arbeidsvilkår</b>	Krav i konkurransegrunnlaget, Kap 5, samt i del II, pkt. B.).
<b>Dokumentasjon/ protokoll</b>	Ja.

### Kommunehuset i Åmot – Ny takkonstruksjon og solcelle anlegg

Anskaffinga gjeld riving og montering av ny takkonstruksjon på kommunehuset i Åmot pluss levering og montering av nytt solcelleanlegg. Alt er vurdert til å ha ein verdi på om lag kr 5 millionar kroner.

<b>Kunngjering</b>	Konkurranse er kunngjort i Doffin 9. mars 2023
<b>Prosedyre/ konkurranseform</b>	Frå konkurransegrunnlaget :  Anskaffinga bli gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og II. Open tilbodskonkurranse  Oppdragsgivar planlegg å tildele kontrakt utan å kontakte tilbydarane utover å gjere eventuelle mindre avklaringar/korrigeringar av tilboda. Forhandlingar kan likevel bli gjennomførte dersom oppdragsgivar, etter at tilboda er mottatt, vurderer det som føremålstenleg. Det blir presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om tilbodet sitt og derfor må levere sitt beste tilbod.
<b>Tildelingskriteriar</b>	Pris 100%

<b>Attest for skatt og MVA</b>	Krav ligg i anbodsgrunnlaget i Mercell
<b>Krav til lønns og arbeidsvilkår</b>	Krav ligg i anbodsgrunnlaget i Mercell
<b>Dokumentasjon/protokoll</b>	Ja.

### 4.3. Revisor si vurdering

#### Konkurrans og prosedyre

To av anskaffingane som er under nasjonal terskelverdi på kr 1,3 millionar kroner er ikkje utlyste. Det er det heller ikkje krav om i regelverket. I eitt av tilfella blei fleire leverandørar kontakta, slik regelverket krev for innkjøp over 100 000 kr.

I det andre tilfelle blei berre ein leverandør kontakta, av di ein meinte at beløpet ville vere lågare enn kr 100 000. Sjølv om anskaffingslova gjelder for anskaffingar over kr 100 000, har Vinje i eige innkjøpsreglement føringar om at alle innkjøp skal utførast i tråd med grunnprinsippa i innkjøpsregelverket. Kommunen bør sikre at ein i størst mogleg grad følgjer intensjonen i eige reglement om konkurranse også for anskaffingar med verdi under kr 100 000. Særleg aktuelt er dette når ein ligg tett opp til grensa for når anskaffingslova kjem til bruk.

Anskaffinga av ladepunkt var også under terskelverdi. Her blei tre leverandørar kontakta og bedne om å vere med i ein avgrensa tilbodskonkurranse. Konkurransform og prosedyre er i tråd med regelverket.

I dei anskaffingane vi har undersøkt som kjem inn under del II i forskrift om offentlege anskaffingar, meiner vi krav til kunngjering og prosedyre er i tråd med regelverket. Konkurransane er kunngjorde på Doffin. Kommunen har nytta avgrensa eller opne tilbodskonkurransar.

I fleire av konkurransane som vi har undersøkt, har kommunen i konkurransegrunnlaget skrive at det kan vere aktuelt med ulike former for dialog med leverandørane etter at tilbod er levert inn. Ifølgje rettleiar til reglane om offentlege anskaffingar skal kommunen i størst mogleg grad gjere det klart for leverandørane kva ein slik dialog vil innebere. Etter vår vurdering bør kommunen vere meir konkret på kva dialogen vil innebere og kva omfanget den er tenkt å ha.

#### Tildelingskriterium

I alle konkurransegrunnlaga vi har undersøkt er det opplyst om kva for tildelingskriterium som vil ligge til grunn for utveljinga av leverandør. Det er i tråd med regelverket.

Ingen av dei anskaffingane vi hadde valt ut hadde miljø som tildelingskriterium. Vi meiner kommunen i større grad bør vurdere å nytte miljø som kriterium i anskaffingar der det er relevant.

Etter vår vurdering vil det i større bygge- og anleggskontraktar vere relevant å ha kriterium om miljø.

**Krav om skatteattest og krav til løns- og arbeidsvilkår**

I alle dei anskaffingane vi har undersøkt er stilt krav om skatteattest i tråd med krav jf. anskaffingsforskrifta, jf. § 7-2.

Vidare finn vi også krav til løns og arbeidsvilkår i tråd med krava i forskrift om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar, jf. § 5

**Kommunen skal dokumentere innkjøpet i samsvar med regelverket**

Dei to anskaffingane som låg under terskelverdien på 1,3 millionar kroner er dårleg dokumentert. Det er etter vår vurdering ei god løysing å dokumentere prosessane ved slike kjøp med e-postar og eventuelt enkle protokollar/notat.

For dei andre anskaffingane etter del II i FOA, låg det føre dokumentasjon på vesentlege steg i anskaffingsprosessen i form av protokollar. Det er i tråd med regelverket.

## 5. Konklusjonar og tilrådingar

### 5.1. Konklusjonar

#### **Sikrar Vinje kommune at anskaffingar skjer samsvar med reglane om offentlege anskaffingar?**

Vår konklusjon er at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar at innkjøp skjer i samsvar med reglane om offentlege avskaffingar.

#### **Organisering**

Kommunen deltek i Telemark innkjøpssamarbeid som gjer anskaffingar av større rammeavtalar for deltakarkommunane. Andre innkjøp og anskaffingar skjer i regi av kommunen sjølv.

Kommunens økonomireglement klargjer roller og ansvar for tilsette som er involverte i innkjøp. Det ligg føre oversikter over kven som har attestasjons- og tilvisingsmynde på dei ulike ansvarsområda. Rådmannen har peika ut ein person som innkjøpsansvarleg i kommunen.

Kommunen har vedtatt innkjøpsreglement og -strategi som sett overordna mål for kommunen sine innkjøp.

#### **Rutinar og tiltak**

Kommunen har i liten grad hatt systematisk opplæring i reglane om offentlege anskaffingar. Vår undersøking viser at tilsette melder behov for slik opplæring. Vi meiner kommunen bør sørge for at alle som gjer innkjøp og anskaffingar har grunnleggande kompetanse om anskaffingsreglane. Vidare at alle kjenner til kvar dei finn relevant informasjon og/eller kvar dei kan få råd og rettleiing.

Både kommunen og Telemark innkjøpssamarbeid har laga rutinar og sjekklister for å gjere innkjøp i tråd med regelverket. Vidare er det lenkar til nettstader der ein finn meir omfattande og detaljert informasjon. Etter vår vurdering har kommunen lagt til rette for at reglane og eige reglement blir følgd. Det er likevel ei føresetnad at rutinar og sjekklister er kjende og blir brukt. Vår undersøking indikerer at ikkje alle er like kjende med informasjonen og verktøya som ligg føre.

#### **Rammeavtalar**

Det ligg samla oversikt over rammeavtalane som er inngått i Telemark innkjøpssamarbeid på deira nettside. Kommune har lenke til innkjøpssamarbeidet si nettside i Compilo, og tilsette har tilgang til avtalane. Ikkje alle tilsette har klart for seg om det er inngått rammeavtalar som er aktuelle for deira innkjøp. Kommunen bør sørge for at alle kjenner til avtalane.

Kommunen bør også vurdere å lage ei oversikt over andre avtalar, slik at det er lett for tilsette å sjå om det ligg føre avtale på det området dei gjer innkjøp.

Vinje kommune har i liten grad arbeidd systematisk for å sjå til at rammeavtalane blir følgde.

Vi har undersøkt eit utval av kommunen sine rammeavtalar. På dei områda vi har undersøkt meiner vi kommunen i all hovudsak har følgd dei inngåtte rammeavtalane.

Kommunen har sjølv peika på eitt område der verksemder/einingar i kommune ikkje har følgd avtalane. Det gjeld kjøp av vikartenester innfor helse og meistring, kor det var store avvik. Brot på rammeavtalar utgjør risiko for tvist med leverandørar, omdømmetap og ikkje minst økonomisk tap.

Dersom kommunen kjøper inn ein bestemt type vare/varegruppe eller teneste frå ein og same leverandør, og dette i løpet av året utgjer ein samla verdi på over kr 100 000, vil det vere omfatta lov om offentlege anskaffingar. Kommunen har ved fleire høve gjort slike kjøp i løpet av dei siste åra utan å ha rammeavtalar. Kommunen bør sørge for å etablere rammeavtalar der det er påkravd.

Kommunen har også nokre rammeavtalar som ikkje er tidsavgrensa. Normalt kan ein avtale ikkje vare i meir enn fire år.

### **Enkeltanskaffingar**

Vi har undersøkt utplukk av nokre enkeltanskaffingar i kommunalområdet teknisk, drift og infrastruktur. I all hovudsak er disse gjennomførde i tråd med reglane om offentlege anskaffingar.

Anskaffingane er kunngjorde og rett prosedyre er følgd. Det er stilt krav om skatteattestar og krav til løns- og arbeidsvilkår.

Konkurransesgrunnlaga inneheld tildelingskriteriar. Lov om anskaffingar legg vekt på å stille miljøkrav i anskaffingar. Vi meiner kommunen bør vurder å nytte miljø som tildelingskriterium i større bygge- og anleggskontraktar.

## **5.2. Tilrådingar**

Vi rår kommunen til å sørge for at

- tilsette har naudsynt kunnskap om anskaffingsregelverk, aktuelle rutinar og verktøy
- inngåtte rammeavtaler blir nytta
- det blir inngått rammeavtaler der det er naudsynt

## Litteratur og kjeldereferansar

### Lover og forskrifter

Lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova)

Forskrift 17. juni 2019 nr. 904 om kontrollutvalg og revisjon

Lov 17. juni 2016 nr. 73 om offentlige anskaffelser (anskaffelseslova)

Forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffelser (anskaffingsforskrifta)

Forskrift 8. februar 2008 nr. 112 om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter

### Elektroniske kjelder

«Orden i eget hus - Kommunedirektørens internkontroll, Praktisk veileder», KS, Versjon 3 april 2020, Kommunedirektørens-internkontroll-veileder-F41- web.pdf (ks.no)

Anskaffelser.no, rettleiar om anskaffelsesstrategi, nettside

23.1.23 [https://anskaffelser.no/sites/default/files/anskaffelsesstrategi\\_veileder.pdf](https://anskaffelser.no/sites/default/files/anskaffelsesstrategi_veileder.pdf)

Anskaffelser.no, artikkel, Internkontroll for offentlege innkjøp, nettside 1.2.24, [Internkontroll for offentlege innkjøp | Anskaffelser.no](#)

Anskaffelser.no, presentasjon for innkjøpsleiarnettverk, nettside 30.1.23, [Microsoft PowerPoint - Innkjøpsledernettverk konkurranse presentasjon 5 april 2022 \(anskaffelser.no\)](#),



# Vedlegg

## Vedlegg 1: Rådmannen si fråsegn



Vinje kommune



VESTFOLD OG TELEMARK REVISJON IKS  
Postboks 311  
3701 SKIEN

U.off:

Vår ref  
2023/7458-3

Sakshandsamar:  
Jan Myrekrok

Arkiv  
SAK7

Dato:  
14.02.2024

### Uttale til forvaltningsrevisjonsrapport

Administrasjonen har ikkje merknader til hovudfunna i rapporten.

#### Avtalelojalitet

Eit av funna i rapporten er avrop utanfor rammeavtaler, bl.a. innan bemanningstenester. Kommunen opplever at avtaleleverandørane innimellom ikkje klarer å framskaffe personell i dei periodane når det er behov, og då blir løysinga å vende seg til andre leverandørar.

#### Tiltak framover

Rapporten peikar på at det manglar avtaler med både lokale bedrifter og andre tenesteleverandørar i kommunens drift. Dette korresponderer med funna i innkjøpssamarbeidets eigen Spend-analyse som blei gjennomført i 2023, og er ei felles utfordring for dei 7 kommunane i samarbeidet.

Telemark innkjøpssamarbeid har tilsett ein ny medarbeidar frå 1.1.2024 som går inn i ei eksisterande stilling i samarbeidet. Så byrjar ein ny medarbeidar 3. april i ei nyoppretta stilling, slik at kapasiteten blir auka og det kan kome rammeavtaler på fleire varegrupper, og kan gje auka bistand til større enkeltinnkjøp.

Kommuneadministrasjonen vil for 2024 og framover prioritere opp arbeidet med innkjøp for å få på plass fleire avtaler.

Med helsing

Jan Myrekrok  
rådmann

*Dokumentet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.*

Mottakarar av dette brevet:  
VESTFOLD OG TELEMARK REVISJON IKS

## Vedlegg 2: Metode og kvalitetssikring

Forvaltningsrevisjonen starta med oppstartsbrev 6. oktober 2023. Vi hadde oppstartsmøte 19. oktober 2023 med rådmannen, plan- og økonomisjef og controller. I møtet presenterte vi prosjektplanen med problemstillingar, kjelder for revisjonskriterium og plan for gjennomføringa.

Forvaltningsrevisjonar skal gjennomførast på ein måte som sikrar at informasjonen i rapporten er relevant og påliteleg. Data er relevante (gyldige/valide) dersom dei skildrar dei forholda som problemstillingane handlar om. Om data er pålitelege (reliabilitet) handlar om at innsamling av data skal skje så nøyaktig som mogleg og at det ikkje har skjedd systematiske feil undervegs.

Nedanfor gjer vi greie for datagrunnlaget vårt og kva metodar vi har brukt for å svare på problemstillingane. Vi vil også beskrive kva tiltak som er brukt for å sikre at vi har relevante og pålitelege data.

### Innsamling av relevante og pålitelege data

Datainnsamling og rapportskriving har gått føre seg haust og vinter 23/24.

For å undersøke problemstillinga har vi via e-postar/telefon fått informasjon frå kommunalsjefar og innkjøpsansvarleg i kommunen. Vi har vidare fått informasjon frå leiar i Telemark innkjøpssamarbeid.

Vi har også fått tilgang til relevante dokument og rutinar på innkjøpsområdet.

Vi har gjennomført ei elektronisk spørjeundersøking (Questback) hjå tilsette i kommunen med attestasjons- og /eller tilvisingsmynde. Dette er personar som er delaktige i innkjøp i kommunen. Undersøkinga var anonym. Vi meiner tilbakemeldingane frå dei tilsette om mellom anna kjennskap til reglar, bruk av sjekklister og deltaking på opplæring er relevant for problemstillinga. Det var 68 personar som fekk undersøkinga, av dei svarte 41. Det gir ein svarprosent på 59. Svarprosenten er litt låg, men alle kommunalområda er representerte. Vi meiner undersøkinga, saman med annan informasjon, gir grunnlag for å si at data er pålitelege.

Vi har valt ut og gjennomgått ni innkjøp/anskaffingar som kommunen (teknisk sektor) har gjort i perioden 2022-2023. I gjennomgangen har vi særskilt sett etter om det er gjennomført konkurranse, val av konkurranseform og dokumentasjon av konkurransen. I samband med gjennomgangen har vi fått dokumentasjon om innkjøpsprosessane frå kommunen og Doffin.no. Med eit så lite utval av anskaffingar er det vanskeleg å trekke bastante slutningar om alle kommunen sine anskaffingar. Vi meiner likevel det gir ein god indikasjon på korleis stoda er innafor den sektoren vi har undersøkt.

For å undersøke bruken av rammeavtalar, har vi gjort søk i rekneskapen på område (varer og/eller tenester) der kommunen har rammeavtalar, og der føringa i rekneskapen er knytt til ein eintydig konto (kostnadsart). Vi har nytta rekneskapstal frå 1. januar til november 2023. Det er plukka ut

fem områder som vi har undersøkt nærmere. Vi meiner dette er relevant for få innsikt i om innkjøp skjer frå dei leverandørane kommunen har avtalar med.

Vi meiner at metodebruken samla sett er tilstrekkeleg for å svare på problemstillinga i rapporten.

Vi har sjekka ut med administrasjonen at fakta i rapporten er korrekt framstilt. Rådmannen har fått høve til å kome med fråsegn til rapporten, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 14. Fråsegna ligg i vedlegg 1.

## Personopplysningar

I samband med denne forvaltningsrevisjonen har vi behandla personopplysningar som namn og e-postadresser til tilsette i kommunen.

Vårt rettslege grunnlag for å behandle personopplysningar er kommunelova § 24-2 fjerde ledd.

Vi behandlar personopplysningar slik det er sagt i vår personvernerklæring. Personvernerklæringa er tilgjengeleg på vår nettside [vtrevisjon.no](https://vtrevisjon.no).

## God kommunal revisjonsskikk - kvalitetssikring

Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast, dokumenterast, kvalitetssikrast og rapporterast i samsvar med kommunelova og god kommunal revisjonsskikk.<sup>12</sup>

Kvalitetssikringa skal sikre at undersøkinga og rapporten har nødvendig fagleg og metodisk kvalitet. Vidare skal det sikrast at det er konsistens mellom bestilling, problemstillingar, revisjonskriterium, data, vurderingar og konklusjonar.

Vestfold og Telemark revisjon IKS har et system for kvalitetskontroll som er i samsvar med internasjonale standardar for kvalitetsstyring og -kontroll.<sup>13</sup> Denne forvaltningsrevisjonen er kvalitetssikra i samsvar med vårt kvalitetskontrollsystem og i samsvar med krava i RSK 001.

---

<sup>12</sup> God kommunal revisjonsskikk i forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll kjem til uttrykk først og fremst i RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon og RSK 002 Standard for eigarskapskontroll. Gjeldande standardar er fastsett av Norges Kommunerevisorforbund sitt styre hausten 2020. Standarden bygger på norsk regelverk og internasjonale prinsipp og standardar, fastsett av International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI) og Institute of Internal Auditors (IIA).

<sup>13</sup> ISQM 1 og 2 er internasjonale standardar for kvalitetsstyring og oppdragskontroll for revisjonsforetak som utfører revisjon eller forenkla revisorkontroll av rekneskap, eller andre attestasjonsoppdrag eller beslekta tenester (Gjeld frå 15. desember 2022.)



Vestfold  
og Telemark  
revisjon

# På vakt for felleskapets verdier

Rapporten er laga av  
Vestfold og Telemark revisjon IKS

Har du spørsmål til rapporten?

Ta kontakt med oss:

Telefon: 33 07 13 00

E-post: [post@vtrevisjon.no](mailto:post@vtrevisjon.no)

[www.vtrevisjon.no](http://www.vtrevisjon.no)

24: 3825 404